

<b>Kva:</b>	Møte nr. 06 i Alpinkomiteen 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Måndag 1. juli 2024, kl. 20:00-21:30
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 40 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 41 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 05 23-25</i>  <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 42 23-25 Rekruttering</i> <i>SAK 43 23-25 Samlingsplan 2024</i> <i>SAK 44 23-25 SPV utøvarstipend</i> <i>SAK 45 23-25 Trenarkurs</i>  <i>EVENTUELT</i>
<b>Til stades:</b>	Roger Ellingsund, Cato Vik, Fabian Bergqvist, og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	Atle Sæterbakken, Rakel Sunde, Elisabeth Sætren
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## Referatsaker:

### SAK 40 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 41 23-25

#### Godkjenning av AK protokoll nr. 05 23-25

##### Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 05 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

##### VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 05 23-25.

## DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER

### SAK 42 23-25

#### Rekruttering

##### Bakgrunn

I samband med rekrutteringsarbeidet til Sogn og Fjordane Skikrins er det oppretta eit rekrutteringsutval som jobbar tett med skiklubbutviklar.



Saka blir presentert i møtet.

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å støtte opp om barmarksamlingar som rekrutteringsutvalet arrangerer på tvers av greiner.

### **SAK 43 23-25**

#### **Samlingsplan 2024**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen legg til rette for følgjande samlingar:

Skisamlingar:

- Fjord1 Myrkdalen 9.5-12.5
- Fjord1 Fonna 31.5-2.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 8.6-10.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 22.6-25.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 1.8.-4.8 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 10.8-13.8 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Juvass i haustferien

Freeski samling barmark:

- Jentecamp freeski, Sogndal 1. september, samarbeid med NSF Freeski

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gjennomføre oppsette samlingar, og legge til rette for fleire barmarksamlingar haust 2024 i samarbeid med rekrutteringsutvalet.

Vidare gjer alpinkomiteen vedtak om å legge minimum ei ekstra skisamling i SNØ-hallen til hausten, i samarbeid med andre skikretsar.

### **SAK 44 23-25**

#### **SPV utøvarstipend**

##### **Bakgrunn**

Søknad til SPV utøvarstipend er vedlagt.

I administrasjonen sitt framlegg til tildeling av utøvarstipend 2024, har ein lagt følgjande kriterier til grunn:

- FIS-løpar



- Utøvar frå Sogn og Fjordane og representerer klubb frå Sogn og Fjordane
- Utøvar må vise potensiale til å nå langt
- Utøvaren viser gode haldningar

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner søknadsprosess til SPV utøvarstipend slik det føreligg. Adm. følgjer opp vidare søknadsprosess.

**SAK 45 23-25**

## **Trenarkurs**

### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen drøfta aktuelle trenarkurs i møtet.

Sogndal Alpin har antyda at dei ønskjer å gjennomføre foreldretrenar-kurs alpint i Myrkdalen ei helg i desember, som i fjor.

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å legge til rette for trenarkurs i Myrkdalen i desember. Adm. følgjer opp.

## **EVENTUELT**

**Neste møte i alpinkomiteen:** Digitalt møte i midten av september.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef